



Notat

Dato: 03.12.2015

Arkivsak: 2014/22282-139

Saksbehandlar: talhals

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Endringar i energiloven § 4-2 om utanlandsforbindelser

Olje- og energidepartementet sende 9.11.15 ut forslag om endring i energiloven § 4-2 om utanlandsforbindelser på høyring. Høyringsfrist var sett til 4.1.16. Hordaland fylkeskommune sende inn fråsegn, i samråd med Nordsjøkommisjonen og Samarbeidande kraftfylke.

Endringsforslaget

Hovudføremålet med endringa er at andre aktørar enn den systemansvarlege eller føretak der denne har bestemmande innflytelse kan få konsesjon for å eige eller drive utanlandsforbindelser. Det er vidare forslag om å fjerne kravet i § 4-2 tredje ledd om at aktørar som planlegg etablering av ny utanlandsforbindelse snarast mogleg skal informere departementet om planane sine. I dagens § 4-2 første ledd er det gjeve at berre systemansvarleg eller føretak der systemansvarleg har direkte eller indirekte kontroll over meir enn halvparten av kapitalen og stemmene i selskapet, kan eige og drive utanlandsforbindelser.

Den eksisterande konsesjonsordninga som skal sikre samfunnsøkonomisk lønsame prosjekt vil vidareførast. Nye prosjekt vil dimed framleis kvalitetssikrast og vurderast av konsesjonsmynda. Føremålet er i følgje høyringsnotatet å drive fram fleire prosjekt for samanlikning og i konkurranse med kvarandre, for å gi meir kostnadseffektiv utbygging av utanlandsforbindelser. Vidare å fordele risiko og investeringar på fleire aktørar.

Statnett, som i dag er den einaste aktøren med høve til å byggje og drive utanlandsforbindelser, vil framleis involverast i konsesjonssøknadar til alle eventuelle prosjekt i si rolle som systemansvarleg. Oppheving av plikta til å informere departementet om planlagde prosjekt er grunngjeve med at omsynet til tidleg involvering av styresmaktene for å sikre oversikt, vert ivaretake gjennom prosessen på andre måtar og at dette vert å sjå på som ei forenkling.

Fylkesrådmannen si vurdering

På bakgrunn av Klimaplan for Hordaland 2014-2030 og vårt engasjement i organisasjonane Nordsjøkommisjonen og Samarbeidande kraftfylke vart det utarbeidd eit høyringsfråsegn.